



Gunnvald, Renate og Ståle i full konsentrasjon (Foto: Thor Inge Døssland)

**Mange har snakka om at ein burde prøva å koma i gang med øvingar i vaksnemusikken att. No har nokon gjort noko med det. Den unge duoen Renate Natås og Vidar Koløy har teke eit flott initiativ. Derfor var ein del korpsmusikantar samla til første øving no i kveld.**



Litt holete grovmessingrekkja. Heldigvis har fleire meldt si interesse, slik at ein får dekkja dei fleste stemmene (Foto: Thor Inge Døssland)

Etter ei lettare oppvarming, vart det raude hymneheftet henta fram. Det var tydeleg at gamle kunster ikkje var gløymde. Etter kort tid klang det flott i klasserommet der dei øvde. Stemningen var der! Magnhild har teke på seg å ta det musikalsk ansvaret. Det lovar godt. Ho har brei utøvarbakgrunn m.a. frå elitekorps. Tidlegare har ho gjort ein flott jobb som musikalsk leiar for både skulemusikken og musikklaget i fleire periodar. Frammøtet kunne nok vore betre, men nokre som har meldt frå at dei vert med, var forhindra frå å møta denne første kvelden. Ein veit såleis alt no at talet på musikantar vil passera 15. Det er bra, og gjev eit godt grunnlag å arbeida vidare på. Likevel er det ønskjeleg at fleire stiller opp. Det vert lagt stor vekt på det sosiale miljøet, og den musikalske lista vert ikkje lagt høgare enn at det skal høva for alle. Derfor skal ein ikkje vera redd for å stilla opp sjølv om ein har hatt ein lengre pause frå instrumentet. Her er det berre å stilla opp på neste øving. Fast øvingstid er tirsdagar kl.20.00 – 21.30, og øvingane er i skulen. Dersom det er noko ein lurar på, kan ein ta kontakt med Renate på mobil **92 69 33 98**. Vi håpar dei to initiativstakarane får god respons på forsøket sitt. Det fortener dei verkeleg. Det er viktig at musikklaget kjem i gang no. Vi er redd at det er no eller aldri. Bygda treng musikklaget, og vi veit at det dei komande åra kan verta god tilgang på musikantar frå skulemusikken.

Av Thor Inge Døssland



Litt av den godt representerte kornettrakkja. Om vi ikkje ser heilt feil så har vi med ein omvikedøl? Det er jammen meg flott! (Foto: Thor Inge Døssland)